
Notat

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Kopi:

Arkivsak	Arkivkode	Dato
20/899	U00	03.06.2020

Sak: Korona, ang. Næringslivet og økonomi.

Formannskapet og kommunestyret handsama i april sak omkring tiltak/støtte til næringslivet i lys av Korona. (F-sak:32/2020. K-sak 17/2020.)

Mykje er framleis usikkert omkring konsekvensar av Korona. Dei nasjonale krisepakkanne har vore til hjelp også for vårt næringsliv. Dei kommunale tiltaka har etter rådmann si vurdering og vore gode ordningar til hjelp.

Når det gjeld eigedomsskatt for næring så vart det i saka gitt utsett betalingsfrist for 1.termin frå 15.05 til 15.08. I saka vart det i tillegg sagt at fristar skulle vurderast nærare før sommarferien. Innbetaling 2.termin er i utgangspunktet 15.09. Dei to fristane kjem tett på kvarandre og eksempelvis for sesongbedriftene kan det vere til hjelp å kunne utsetje også 2.termin. Rådmann tilrår at me kan gå for 15.11.

Det vert og lagt fram nokre enkeltsaker med søknad om støtte. Lustrabaatane og Sogn skisenter er førebudd til møte 10.06. Her vil vera nokre fleire der det og vil vere/kan vere søknader. Visit Sognefjord, Luster Trening, Sogn skisenter, Lustrabadet er uavklara i høve korleis dei får nytte av nasjonale ordningar. Desse vert sett nærare på inn mot halvårsrapport, saker over sommarferien.

Også for kommunen er det usikre prognosar. Me ser no klar nedgang i skatteinntektene, i høve budsjett har me pr dato svikt på 3,5 million kroner. Regjeringa sine signal er at kommunane skal kompensere og om ikkje før så vil det i samband med statsbudsjettet sitt kommuneopplegg for 2021 verte eit «kompensasjons/etteroppgjer» når ein har meir oversikt, jf usikre prognosar eksempelvis på skatteinntektene.

Samtidig kjem det no eit par pakkar der kommunane får ein rolle der ei vesentleg grunngeving er å auka aktivitetsnivået i lokalt/regionalt næringsliv;

-Av ei løyving på 10 mill til Vestland har Luster fått tildelt 770.000 til tiltak som kan redusere «vårflaumen» Me blir kravd for ein eigendel på 15%(135.000) I samråd med NVE er det alt starta opp/vert starta opp tiltak; eit i Mørkridsdalen, eit på Veitastrond og ev noko uttak av massar ved Espe/Gjerde. Hastetiltak grunna arbeidsfrist 15.06, jf den auka flaumfaren i vår.

-Kommunen har og fått tildelt 2,2 million kroner som skal gå til tiltak, kommunalt vedlikehald/byggutvikling/anleggsutvikling som er klar til å bli starta dette året og som ikkje har tilgjengeleg finansiering dette året. Ut frå kriterium som vert sette gjer me her nærare vurderingar kva «gryteklare/prioriterte» tiltak me har.

Jarle Skartun
rådmann